

# Folk først.

Her vil vi leve – her vil vi skape.



Kommunevalet 2019  
Stem VENSTRE.

VENSTRE  
Fjaler





## 1. Gunhild Berge Stang

6963 Dale, 45 år

Gunhild er ei svært engasjert ordførar. Ho brenn for næringssutvikling, gode skular og at det skal vere gode møteplassar i alle bygder. Gunhild sit i fylkestinget der ho har jobbe aktivt for Dale vgs og FV 57. Gunhild har solid politisk erfaring som tidlegare fylkesleiar/landstyremedlem og vararepresentant på Stortinget, og eit breitt politisk nettverk regionalt og nasjonalt.



## 2. Arne Osland

Flekke, 55 år

Arne er utviklingsdirektør på UWC RKN og har representert Venstre i kommunestyret dei to siste periodane. Han er leiar av Frivilligentralen og styreleiar i Førdefestivalen g har vore to periodar i det nasjonale styret for FN-sambandet. Han har eit ynskje om at dei sterke lokale ressursane i Fjaler held fram med å vekse.

Venstre har i dei åra vi har hatt ordførar jobba for vekst og utvikling i heile kommunen. Næringslivet er i vekst, investerer stort og etablerer nye arbeidsplassar. Kulturlivet blømer. Fjaler kommune har no ein stødig økonomi som gjer det mogleg å gjere større og framtidsetta investeringar. Vi bygger ny skule i Dale og barnehage på Våge. Vi har fått nytt kulturhus og nye idrettsanlegg som kaldhall, skytebane og kunstgrasbane på Våge. Det er lagt til rette for ei handelsutvikling som er blant dei beste i fylket og som bremsar handelslekkasjen ut av hafs-regionen. Framdrifta på asfaltering av vegar er styrka og vi har fått på plass nye retningsliner for opptak av private vegar. Det er lagt til rette for at fleire kan skaffe seg bustad i Fjaler. Gjennom omorganisering av helse og omsorgstenesta er vi no også i betre stand til å yte likeverdige tenester i heile kommunen. For Venstre har det vore, og vil framleis vere ekstremt viktig å jobbe for å sikre Dale VGS og utbetring av FV 57 - fordi dette er avgjerande viktig for framtida til kommunen!



3. Christoffer O.K. Stølen  
Dale, 30 år  
Flyktningkonsulent  
Askvoll kommune



4. Sølvi Ann Løkkebø  
Dale, 52 år  
Adjunkt Askvoll skule



5. Oddgeir Lammetun  
Korssund, 36 år  
Adjunkt Våge skule



6. Ståle Brattelid  
Dale, 50 år  
Salsleiar Norsk Tipping AS




7. Ingrid Dorthea Bjergene  
Dale, 35 år  
Sjukepleiar  
Fjaler kommune



8. Caroline Hope Dale  
Dale, 31 år  
Konsulent  
Hansen Technologies



9. Vegard Skår  
Korssund, 31 år  
Avdelingsleiar Havyard



10. Jonny Pedersen  
Flekke, 55 år  
Sivilingeniør/dagleg leiar  
Pecom AS



**11. Evy Solheim**  
Dale, 40 år  
Leiar sjukeheim  
Fjaler kommune



**12. Roar Gustavsen**  
Dale, 59 år  
Lektor Dale vgs



**13. Lesley Wilson**  
Flekke, 57 år  
Medarbeidar Joker Flekke



**14. Ingunn Johanne Eiken**  
Dale, 45 år  
Dagleg leiar  
Vevang Produksjon AS



**15. Lesley Robertson**  
Flekke, 58 år  
Klinisk ernæringsfysiolog/  
yoga-lærar



**16. Roy Sævik**  
Dale, 51 år  
Marknad, HR-ansvarleg  
Norsk Bergsikring



**17. Leonie Koning**  
Flekke, 64 år  
Opptakskoordinator UWC



**18. Elias Haugsbø**  
Dale, 29 år  
Sivilingeniør Brødrene Dahl

Førehandsrøystinga til årets  
kommuneval startar  
måndag 12. aug. til fredag 6. sept.  
Du kan førehandsrøyste  
på Fjalerhuset.



**19. Stine Mari Myklebust**  
Korssund, 26 år  
Adjunkt med opprykk  
Fjaler ungdomsskule



**20. Richard Skår**  
Dale, 35 år  
Prosjektleiar EPC  
Brødrene Dahl



**21. Jarle Hovland**  
Dale, 48 år  
Dagleg leiar  
Norsk Bergsikring



**22. Geir Helge Møller**  
Guddal, 43 år  
Bonde, spesialkonsulent  
Helse Førde



**23. Johnny Haugsbakk**  
Flekke, 50 år  
Dagleg leiar  
Elcap Invest AS



**24. Gudmund Solheim**  
Dale, 74 år  
Pensjonist

## **Eit ope og inkluderande samfunn.**

I ein ny og stor Vestlandsregion meiner Venstre det er viktig å styrke arbeidet med å setje Fjaler på kartet, som eit framtidssretta og ope lokalsamfunn. Vidare vil Venstre legge vekt på at vi ser på tilflyttarar og flyktningar som ressurssterke menneske som har noko å gje i lokalsamfunnet. Venstre vil:

- at det må verte lettare å skaffe seg bustader og byggje seg hus i alle deler av Fjaler
- Styrke samarbeidet i regionen i viktige saker som oppretthalding av Dale vidaregåande skule, Førde lufthamn og opprusting av FV 57.
- Utvikle Dale som skulestad og regionsenter
- Jobbe for at det i alle bygder er gode møteplassar og styrke grunnlaget for nærbutikkane
- At kommunen har gode lyttepostar og tett dialog med innbyggjarane i behandlinga av saker
- Ha ei betre involvering av ungdommens kommunestyre
- Vere positive til å vurdere større kommuneeininger

## **Verdiskapande og næringsvenleg.**

Venstre vil halde fram å løfte Fjaler som ein næringsvenleg kommune. Vi har eit næringsliv som har teke ei rolle i det grøne skiftet, denne posisjonen må vi styrke vidare. Venstre vil:

- Stimulere til nyetableringar og styrke eksisterande næringsliv i kommunen
- Leggje til rette for nye næringsareal, gjerne i lag med private aktørar
- Leggje til rette for næringsklynger/næringshage
- Med mellom anna Lutelandet industriområde i spissen, utvikle kysten vår som eit framtidssretta næringsområde
- Utvikle reiselivsnæringa og leggje til rette for meir betre overnattingskapasitet i kommunen
- At landbruk og primærnæringane skal vere viktig for busetnad og verdiskaping i Fjaler
- I samband med innkjøp prioritere lokalt næringsliv så langt som råd er
- Seie nei til sundagsopne butikkar

## **Ein skule for kunnskap og like moglegheiter.**

Venstre vil:

- halde fast ved desentralisert skulestruktur der elevtalet tilseier det
- sikre ei god framdrift av ny felles skule for barne- og ungdomstrinnet på Dingemoen
- arbeide for å styrke eit godt utdanningstilbod ved Dale vidaregåande skule
- at alle som ynskjer det, skal ha eit godt barnehage-tilbod, uavhengig av økonomi
- styrke samarbeid mellom skule, næringsliv og lokal- samfunn.

## **Kreativt og nyskapande!**

Fjaler har eit rikt frivillig kulturliv og eit profesjonelt kunst og kulturliv som er kjent både regionalt og nasjonalt.

Venstre vil la kulturen og idretten bløme:

- Utvikle Samvirket som kulturhus, møteplass for ungdom, for kunstproduksjon, kulturbaserte næringar og konferanselokale
- Gje kulturskulen best mogleg rammevilkår og undervisningslokale på den nye skulen på Dingemoen
- at skuleanlegga må få fullgod utnytting som møtestadar for kultur og idrett
- dra nytte av impulsar frå UWC og kunstnarsenteret på Dalsåsen
- Støtte kinodrifta i Dale
- Styrke bibliotektilbodet

- Styrke den nasjonale, regionale og lokale satsinga på Jakob Sande
- Ta vare på viktige kulturminne og få på plass ny kulturminneplan

## **Ein klimavenleg kommune.**

Venstre vil:

- at kommunale planar legg vekt på natur, kultur og klima
- vere pådrivar for ein miljøvenleg kvardag m.o.t. kjelde- sortering, nybygging og energibruk
- vere varsam med nedbygging av naturområde
- ha ei restriktiv haldning til hyttebygging i uregulert område
- utarbeide investeringsprogram for enøk-tiltak i kommunale bygningar etter vedteken plan
- utvikle sentrumsmiljøa til fordel for gående og syklande

## **Eit godt tilbod i helse og omsorg.**

Venstre vil:

- Ha eit likeverdig omsorgstilbod i heile kommunen
- Legge til rette for at eldre som vil bu heime, får gjere det lengst mogleg, uavhengig av kvar dei bur i kommunen
- arbeide for å oppretthalde eit godt heilskapleg tilbod for innbyggjarar og gode arbeidsforhold for dei tilsette
- støtte opp om førebryggande arbeid og helseopplysning, oppmuntre den einskilde borgar til å ta vare på si eiga helse
- prioritere rusførebyggande arbeid
- psykisk helse er like viktig som fysisk, det må vise att i tilboda. -Vidareutvikle Fjaler som ein god plass å bu for menneeske med funksjonsnedsettingar
- jobbe for eit nytt tannlegetilbod i Dale

## **Satsing på samferdsla.**

Venstre vil:

- ha rask framdrift i opprustinga av fv 57 Dale-Storehaug
- arbeide for god veg og vatn til Lutelandet
- Vere pådrivar for 100% breibanddekning i Fjaler for fastbuande
- arbeide aktivt for å oppretthalde eit godt og tenleg flyrutetilbod på Bringeland
- Jobbe for betre busstilbod , ferje- og båtvavgangar
- arbeide for trygge gang- og sykkelvegar til skular og barnehagar i heile kommunen
- satse på kystvegen med fullgod utnytting av Dalsfjordsambandet

